

Eldre med rusliding poliklinisk behandling

Alkoholbrukslidingar er den hyppigaste rusbrukslidinga i Noreg, og er mest vanleg blant unge vaksne mellom 18 og 35 år. Skadeleg bruk av alkohol er meir vanleg blant menn enn hos kvinner. Pasientar med ruslidingar har ofte også andre psykiske lidningar og kroppslege sjukdommar. Personar med rusliding kan få både poliklinisk behandling og døgnbehandling i spesialisthelsetensta.

Utval og definisjonar

Pasientar i alderen 65 år og eldre som i 2014–2018 hadde minst ein poliklinisk kontakt i psykisk helsevern, tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar (TSB) eller hos avtalespesialist i psykisk helsevern, med rusliding som hovud- eller bitilstand er inkludert. Rusliding er definert ved ICD-10-kodane F10, F11, F12, F13, F14, F15, F16, F18, F19.

Polikliniske kontaktar er definert som kontaktar der pasienten (eller pårørande) var fysisk til stades, og blei skriven inn og ut same dato (inkluderer både polikliniske konsultasjonar og dagbehandling). Indirekte polikliniske kontaktar er ikkje inkludert her.

Buområde	Tal kontaktar	Tal pasientar	Kontaktar per pasient
Bergen	790	87	9,1
OUS	765	87	8,8
Lovisenberg	450	52	8,7
Møre og Romsdal	364	42	8,6
Sørlandet	471	60	7,8
Vestre Viken	710	93	7,6
St. Olavs	441	62	7,2
UNN	145	20	7,1
Vestfold	352	51	6,9
Innlandet	537	79	6,8
Ahus	617	91	6,8
Diakonhjemmet	425	63	6,7
Østfold	344	52	6,6
Nord-Trøndelag	172	30	5,7
Førde	128	24	5,3
Helgeland	32	7	4,9
Stavanger	295	61	4,8
Fonna	139	31	4,5
Telemark	193	45	4,3
Nordland	40	11	3,6
Finnmark	15	6	2,4
Noreg	7 425	1 052	7,1


Poliklinisk behandling for eldre med rusliding i psykisk helsevern og TSB. Tal kontaktar, tal pasientar og kontaktar per pasient fordelt på buområde og landet. Gjennomsnittsverdiar per år (2014-2018).

Resultat

Kvart år var litt over 1 000 eldre med rusliding i poliklinisk behandling ved psykisk helsevern, TSB eller hos avtalespesialist psykisk helsevern, til saman nær 7 500 polikliniske kontaktar per år i Noreg.

Pasientraten varierte i buområda frå 0,4 til 4,8 eldre med rusliding i poliklinisk behandling per 1 000 innbyggjarar per år. Kontaktraten varierte i buområda frå 1,1 til 42,9 kontaktar per 1 000 innbyggjarar, med 8,7 som gjennomsnittleg årsrate.

Eldre med rusliding hadde i gjennomsnitt 7 polikliniske kontaktar per år, men tallet varierte i buområda frå 2,4 til 9,1 polikliniske kontaktar per år.



Kjelde: NPR/SSB

Kontaktrate, eldre (65 år +) med rusliding i poliklinisk behandling. Tal kontaktar per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år (2014-2018) og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.

Kommentar

Eldre med rusliding er ei lita pasientgruppe, men variasjonen i bruk av poliklinikk er særleg stor. Eldre i buområde med høgast rate har 39 gonger fleire kontaktar per 1 000 innbyggjarar enn i enkelte buområde Nord. Også pasientratar er tydeleg høgast i Oslo, og lågast i Nord.

Så tydeleg store variasjonar i poliklinisk behandling gir mistanke om underforbruk av tenestene i delar av landet, og er uønska.